

TYSNES KOMMUNE
Uggdalsvegen 301
5685 UGGDAL

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Dato:
	Sak/dok.: 07/01098-65	06.12.2022
	Ark.: 326.12	

Vedtak i namnesak 2015/14 – Ve og Hope mfl. – Tysnes kommune

Statens kartverk har i dag gjort vedtak om skrivemåten av nokre stadnamn i Tysnes kommune slik det går fram nedanfor og av den vedlagde lista.

Vedtaket er gjort med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn.

Der det er både eit hovudnamn og eit undernamn, er det hovudnamnet som vil visast i kartet, og for ev. bruksnamn er det òg hovudnamnet som vil visast i matrikkelen.

Bakgrunn

I eit brev dagsett 07.04.2015 tok grunneigar Erling Gurvin opp namnesak for gardsnamnet *Ve/Vee* og avleidde namn. I samband med kommunen sitt adresseringsprosjekt, tok Språkrådet 21.05.2015 opp namnesak for natur- og gardsnamnet *Skiparvik/Skipavika*. Kartverket tok i samband med dette opp namnesak for nokre fleire naturnamn og gards- bruksnamn som òg vart aktuelle i samband med adresseringsarbeid i kommunen, m.a. namn som endar på *-øya/-øyno/-øyo/-øy*. Kartverket sende saka ut på høyring til kommunen i to brev dagsette høvesvis 04.12.2015 og 20.01.2016. Kommunen sende lokale høyringssvar 10.06.2016 til Språkrådet, som gav tilråding i saka 05.01.2017. Me beklagar at saka har vorte liggjande lenge hjå oss.

Skrivemåten av etterlekken *-øya/-øyno/-øyo/-øy* er drøfta nedanfor. Grunngevinga for andre vedtak i saka går fram av den vedlagde namnelista.

Rettsleg grunnlag

Når ein skal fastsetja skrivemåten av eit stadnamn for offentleg bruk, er hovudregelen at ein skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen av namnet. Skrivemåten skal fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 fyrste ledd i lova. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meiningsinnhaldet i namnet, jf. § 1 fyrste ledd. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte reglar om korleis stadnamn skal normerast.

I tillegg må det takast omsyn til normeringspraksisen i området og skrifttradisjonen for namnet saka gjeld, og kva som er registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR) frå før. Lokale ynske frå dei som har uttalerett skal òg spela inn. Det skal leggjast serleg vekt på ynsket til eigaren når saka gjeld bruksnamn, og skrivemåten som eigaren ynskjer, ligg innanfor regelverket.

Skrivemåten av slektsnamn skal ikkje påverka skrivemåten av stadnamn. Vedtak som gjeld skrivemåten av stadnamn, får heller ikkje fylgjer for skrivemåten av slektsnamn.

www.kartverket.no

Skrivemåten -øya, -øyno, -øyo eller -øy

Uttale

Gardsnamn på Tysnes som endar på ordet *øy* står oppførde med uttalen /-øinó/ i bokverket Norske Gaardnavne frå 1910: /væ`rnøinó/, /fla:`tøinó/, /sa`nnsøinó/, /va`ttarøinó/ og /se`løinó/. I bygdeboka, som brukar dialektskrivemåtar av øynamna, er dei derimot førde opp med endinga -øyo, t.d. *Flatøyo*, *Sandsøyo*, *Vatterøyo* og *Seløyo*, og slik uttale vert òg oppgjeven av fleire av høyringspartane. Uttaleopplysningane i den lokale namnesamlinga på nettsida Hordanamn kan tyda på at øynamna iallfall delvis har fått overgang til ein uttale i ubunden form -øy, t.d. /lit`la bjød`narøy/. Det same tyder høyringssvaret frå Reksteren Øylag på, som opplyser at *Vernøy* og *Litla Vernøy* i ubunden form vert brukt i daglegtalet. I bygdebokverket Tysnes gards- og ættesoge frå 1986–1991 er det brukt dialektskrivemåtar for ein stor del av stadnamna i kommunen, og alle øynamna i denne saka utanom *Vernøy* er der skrivne -øyo. Namnet på garden på Vernøy har lokalt uttalen /ve:r`no/, og i bygdebøkene er difor *Verno* for det meste brukt som skrivemåte av det namnet.

Skriftradisjon

Som det går fram av den vedlagde namnelista, er det ein temmeleg sterk skriftradisjon for skrivemåten -øy i ubunden form i alle øynamna i denne saka. I sjøkarta er det ein gjennomført tradisjon for -øy i ubunden form i alle namn i perioden frå 1950-talet og fram mot i dag. I gradteigskarta er det òg ein gjennomgåande bruk av -øy i desse namna i alle utgjevingane frå 1920-talet og fram til 1970-talet. I kartserien Norge 1:50 000 er -øy brukt som skrivemåte i den fyrste utgåva frå 1952, medan seinare utgåver frå 1980-talet og fram til i dag har skrivemåten -øya. I økonomisk kartverk er det litt skiftande, somme namn har skrivemåten -øy: *Vesle-Bjørnarøy*, *Store Bjørnarøy*, *Fortøy*, *Store Godøy*, *Vesle/Lille Godøy*, *Midtøy*, *Seløy*, *Tolløy*, *Vattarøy*, *Vernøy* og *Litle Vernøy*, medan andre øynamn har -øya: *Flatøya*, *Koløya*, *Sandsøya* og *Teistøya*. Ingen av namna har skriftradisjon for -øyo eller -øyno i desse kjeldene eller i matriklane. Sistnemnde har vanlegvis den dansk-norske skrivemåten -øen i alle utgåver frå 1886 og fram til i dag, men unntaksvis -øy viss namnet har fått norsk namneform i nyare matriklar.

Høyringssvar

Kommunen skriv fylgjande i sitt høyringssvar:

«Jf. Lov om stadnamn § 4 skal det takast utgangspunkt i den nedarvede lokale uttalen. Det er vidare presisert at skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk. Kommune meiner at den nedarvede lokale uttalen og gjeldande rettskrivingsprinsipp må vektas mot kvarandre. Det er ikkje fastsatt at ein regel er viktigare enn den andre. Å bruke -a i staden for -o-ending vil vere ein vesentlig endring av uttale til namna.

Vidare er det i forskrift om skrivemåten av stadnamn, § 3 ein opning for at det kan veljast regionale samleformer eller reine dialektformer når særleg grunnar talar for det. Det står vidare at allment kjende ord eller namneledd, skal som hovudregel rette seg etter gjeldande rettskriving. Hovudregel – tyder på at det likevel kan gjørast unntak når særlege grunnar talar for det jf. setning 1.

Dette er også forankra i rettleiing til forskrift om skrivemåte m.m. av stadnamn, § 4. reglar om skrivemåten. Her heiter det at stadnamna bør i visse tilfelle kunne avspegle regionale målmerke. Det same gjeld lokale målføreformer når særlege grunnar talar for det. Det er likevel ikkje meininga å gi att alle lokale målførevariantar. Ein bør halde seg til visse hovudtypar i lydverk og formverk og leggje større vekt på regionale enn lokale målmerke. Sunnhordlandsdialekten er regional målform i Sunnhordlandsregionen spesielt i kommunane Stord, Fitjar, Bømlo, Kvinnherad og Tysnes. Eit region med over 49.500 innbyggjarar. [...]

Her har ein i bestemt form eintal berre éi ending: -o. Denne endinga er altså brukt i både ord som viso, jento og solo. Det vil seie at dialekten har same endinga i både sterke og svake hokjønnsord. Det er uklar kvifor o-ending er ikkje innarbeid i «Kommentar til forskrift» og bøyningsverk under §3 pkt. ii.»

Kommunen går deretter over til å kommentera dei einskilde namna (nærmare attgjeve i den vedlagde namnelista). Dei går inn for skrivemåten -øy i ubunden form i namna *Vernøy*, *Litla Vernøy*, *Stora Godøy*,

Vetla Godøy, Stora Bjørnarøy, men dei vil ha skrivemåten *-øyo* i *Vatterøyo, Midtøyo, Seløyo, Flatøyo, Fortøyo, Teistøyo, Koløyo, Sandsøyo* og *Tolløyo*.

Reksteren Øylag skriv at *Vernøy* og *Litla Vernøy* i ubunden form er det som vert brukt i daglegtaalen både no og tidlegare.

Hålandsneset skriv i ein generell kommentar at *o*-endingar vert valt der det fell naturleg i øynamn.

Tveit bygdalag går inn for skrivemåten *-øyo* i alle namn som endar på ordet *øy* i denne namnesaka.

Tilråding

Språkrådet skriv fylgjande: «Det er grunn til å rekna med at alle namna tidlegare har vore uttala med bunden form. Spørsmålet om ein i offentleg samanheng skal skriva *-øya*, *-øy* eller *-øyo* vart i fjor òg teke opp i ei sak som galdt namn i Fitjar kommune. I det aktuelle tilrådingbrevet, som me skreiv til Kartverket 15. juli i fjor, hadde me følgjande konklusjon: «Det gjeldande regelverket gir ikkje grunnlag for å fastsetja skrivemåtar med *o*-ending, og det verkar alt i alt mest tilrådeleg å vedta at dei femten namna i Fitjar skal skrivast slik i offentleg samanheng: *Teløy, Langøy* [o. s. v.]» Me synte då til det som var tilrådd og vedteke i ein del tidlegare namnesaker i Rogaland og Hordaland. I dei sakene tilrådde me at namna på dei øyane der det er eller har vore busetnad, vart skrivne med ubunden form. I samsvar med dette tilrår me fastsetjing av desse formene i Tysnes: *Vattarøy, Midtøy, Seløy, Flatøy* [...], *Vernøy, Litla Vernøy, Fortøy, Stora Godøy, Vetla Godøy, Teistøy, Koløy, Sandsøy, Tolløy, Stora Bjørnarøy* og *Litla Bjørnarøy*.»

Vurdering

I namnesaka som Språkrådet refererer til frå Fitjar kommune, gjorde Kartverket vedtak i 2020 om skrivemåten *-øy* i alle dei involverte namna. I den saka peikte Språkrådet på at det for om lag 20 år sidan vart gjennomført namnesaker for fleire øynamn i Rogaland og Hordaland, og at det då viste seg å vera sterk lokal motstand mot skrivemåtar med *a*-ending. Språkrådet fann det tilrådeleg at namna heller vart skrivne med ubunden form *-øy* i alle dei aktuelle kommunane, og Kartverket vedtok då skrivemåtar i ubunden form i fleire namn.

Kartverket deler Språkrådet si oppfatning om at alle øynamna i denne saka venteleg har hatt bunden form opphavleg. Til liks med i Fitjar, ser det ut til å ha vore ei utvikling frå */-øyno/* på slutten av 1800-talet til */-øyo/* på 1900-talet, og den utviklinga har iallfall delvis gått vidare frå */-øyo/* til */-øy/* i ubunden form i dag. Bygdebøkene og høyringssvaret frå Tveit bygdalag baserer seg på talemålstradisjonen for */-øyo/*, medan kommunen og Reksteren Øylag ser ut til å basera seg på ei utvikling der */-øyo/* iallfall delvis har gått vidare til uttalen */-øy/*. Det er vanskeleg å finna noko mønster i utvalet av øynamn kommunen vil ha utan *-o*, for det samsvarar ikkje med dei dokumenterte uttaleopplysningane, og kommunen si liste samsvarar heller ikkje med den fordelinga mellom *-øya*- namn og *-øy*-namn som ein finn i økonomisk kartverk eller i bygdebøkene.

Tysnes kommune ynskjer skrivemåten *-o* i bunden form av sterke og linne hokjønnsord m.a. basert på ordlyden i § 4 fyrste ledd i lova, der det står at «det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn [skal] takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk», og kommunen skriv at dei to omsyna her, «nedervd, lokal uttale» og «gjøldande rettskrivingsprinsipp» skal vektast mot kvarandre, utan at det eine er viktigare enn det andre. Men her må det understrekast at denne ordlyden ikkje tyder at det er fritt val mellom dialektforma og rettskrivingsforma dersom dei to er forskjellige, men at uttalen er eit *utgangspunkt* for normeringa, slik at skrivemåten ikkje vert lagt lenger bort frå den nedervde uttalen enn det som er naudsynt ut frå gjeldande rettskrivingsprinsipp. Som det står vidare, *skal* skrivemåten fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp, bortsett frå dei tilfella der ein annan skrivemåte har vore lenge i bruk, og er vel kjend og innarbeidd. I forskrift om stadnamn er det òg presisert at ålment kjende ord og namneledd som hovudregel skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp.

I dei utfyllande reglane, som vart reviderte i 2018, vart det i større grad enn før opna for *o*-endingar i bunden form av hokjønnsord. Der opererer ein med omgrepet regional samleform, som er definert som ei form som

har skriftradisjon i namnenormeringa, og som er basert på dialektformer som er i bruk over større område. Det siste vilkåret er stetta i denne saka, slik Tysnes peikar på, men i det området dei peikar på, er i liten grad *o*-endingar innarbeidd med ein normeringspraksis i offentleg bruk, sjølv om det finst visse unntak. Usamansette namn, t.d. usamansette øynamn som *Huglo*, *Skorpo*, *Øskjo*, *Bleikjo* og *Kråko*, har *o*-ending i skrift, medan samansette namn elles som består av ein etterlekk i bunden form av hokjønnsord, som regel har *a*-ending i samsvar med rettskrivinga i alle dei kommunane Tysnes kommune nemner i høyringssvaret sitt.

I regionen elles har me sett i tidlegare namnesaker at det herskar ei formeining om at former i bunden form, slik som «-øyna», «-øynå», «-øyno» og «-øyo», er noko reint dialektalt, og at det «offisielle» er *-øy*, og slik har det òg i stor grad vore praktisert ved normering i kart. Former med *-øya* er det òg motstand mot i dette området, og *-øy* er då ei meir nøytral mellomøysing som i større grad har fått lokal aksept. Namneformer på *-øy* har ofte òg ein utbreidd skriftradisjon utover det ein finn på kart, t.d. i namn på poststader, båtkaiar og liknande, og er difor ofte vel innarbeidd i skrift frå før. Det ville òg ha vore eit veldig omfattande arbeid å føra alle namn med hokjønnsending over frå *-a* til *-o*, og ved å gjera det berre i nokre einskildnamn, eller berre i einskilte kommunar, vil ein skapa eit blandingsystem i staden for å gjera namneverket meir heilskapleg. Her er det verdt å minna om at det at regelverket *unntaksvis* opnar for dialektformer, ikkje er meint å innebera at namneverket *generelt* skal normerast etter dialekt i staden for etter rettskrivinga. Det er elles ofte vanskeleg å identifisera kvar dialektstilja mellom desse ulike formene går geografisk, og med den store variasjonen som finst frå stad til stad når det gjeld hokjønnsendingar på Sør-Vestlandet, ville det fort verta uhandterleg komplekst om me skulle gå over frå å normera etter rettskrivinga til å normera etter dialektgrensene for dette spesifikke grammatiske trekket.

Alle øynamna i denne saka har ein betydeleg skriftradisjon for ubunden form, og i namnenormeringa er det elles òg på Sør-Vestlandet eit mykje sterkare grunnlag for *-øy* som regional samleform enn det er for *-øyo*. Talemålsutviklinga for øynamna i denne saka tyder òg på at eit vedtak om *-øy* i sterkare grad vil stå seg over tid, og ein unngår å innføra eit vilkårleg skilje mellom einskildnamn i ubunden og bunden form som i liten grad ser ut til å ha dekning i tradisjonell namnebruk lokalt.

Kartverket fastset skrivemåten *-øy* i dei aktuelle namna både i funksjonen som øynamn, holmenamn, gardsnamn og bruksnamn i samsvar med Språkrådet si tilråding, regional normeringspraksis og skriftradisjonen for dei involverte namna, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn.

Kunngjering

Kommunen skal syta for at vedtaket vert gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 12 fyrste ledd i lova, og som ikkje er adressatar i dette brevet. Jf. § 9 i forskrift om stadnamn.

Kommunen skal senda melding om vedtak som gjeld skrivemåten av bruksnamn direkte til eigarane av bruket.

Bruksnamn

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten av bruksnamn som er identiske med gardsnamnet, eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet. Men etter § 5 tredje ledd i lov om stadnamn har eigaren rett til å fastsetja ein annan skrivemåte av namnet på eige bruk enn den som fylgjer av § 4 fyrste ledd i lova. Føresetnaden er at han/ho kan dokumentera at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.). I so fall må eigaren senda krav om det til Kartverket og leggja ved slik dokumentasjon. Klageretten for namnet i andre funksjonar, t.d. gardsnamnet, fell då bort. Kartverket er formelt vedtaksorgan òg for skrivemåten av bruksnamn fastsette av eigaren.

Bruken av vedtekne skrivemåtar

Me vil minna om reglane i stadnamnlova om plikt til å bruka vedtekne skrivemåtar, jf. § 11, særskilt fyrste setning, som har denne ordlyden: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd». Det vil seia organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Me presiserer at lov om stadnamn regulerer *offentleg* bruk av stadnamn. Privatpersonar og bedrifter som ikkje er heileigde av det offentlege, er difor ikkje pålagde å fylgja vedtekne skrivemåtar.

Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Dersom dette vedtaket vert ståande utan at det vert påklaga, legg me difor til grunn at kommunen vedtek same skrivemåten i ev. adressenamn og adressetilleggsnamn der namnet vert nytta.

Når det er gjort vedtak om adressenamn, adressetilleggsnamn og krinsnamn (grunn-, val-, skulekrins og kyrkjesokn), skal den vedtekne skrivemåten leggjast inn i matrikkelen, og adressenamn i SSR vert oppdaterte frå matrikkelen. Vedtak om adressenamn skal framleis sendast til m.a. Kartverket, jf. § 9 fjerde ledd i forskrift om stadnamn.

Kartverket fører den vedtekne skrivemåten av bruksnamn i SSR, og skrivemåten vert henta inn i matrikkelen derifrå.

Klage

Vedtaket om skrivemåten kan etter § 12 i lov om stadnamn påklagast av dei som etter § 6 bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komen fram til mottakaren, jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Dersom meldinga skjer med offentlig kunngjering, tek klagefristen til frå den dagen vedtaket vert kunngjort fyrste gongen. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hjå vedtaksorganet. Det er høve til å søkja om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjort.

Ei eventuell klage skal sendast til Kartverket med kopi til kommunen. Klaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må omtala alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Når ein tek opp ei klagesak, gjeld dei same sakshandsamingsreglane som for namnesaker elles. Dersom vedtaket vert oppretthalde, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker for endeleg avgjerd.

Med venleg helsing

Anne Lien
fylkeskartsjef

Erlend Trones
stadnamnsvarleg

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi SPRÅKRÅDET

Lenker: [Lov om stadnamn](#)
[Forskrift om stadnamn](#)
[Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)

Vedlegg: Namneliste